




Kantor Eva Megyesi har laga eit program der vi vert inviterte til salmesong med tonar frå sju historiske periodar.

Salmar til alle tider er overskrifta på salmekvelden i Uskedal kyrkje måndag 18. februar kl. 19. Kantor Eva Megyesi har vald ut 20 salmar frå dei fyrste 200 salmane i Norsk salmebok. Salmane avspeglar salmetonen frå sju ulike tidsperiodar, frå folketonane til melodiar frå nyare tid. Når heile salmeboka skal syngjast på denne måten, er dette ei nyskaping og har truleg ikkje vore gjort før.

Eva Megyesi skriv i ei pressemelding at menneske legg tonen til språket sitt frå den tidlege barndom og at salmane er ein viktig del av den funksjonen kyrkja har kulturelt. Frå eldre tid og fram til 1800 talet vart det ofte skriva salmar fjernt frå den folkelege tradisjonen og utan inspirasjon frå det verkelege livet.

Frå 1800 talet med humanismen kom det ein endring. Salmeteksten og tonen vaks fram frå ei meir folkeleg røse der kyrkja kom nærare menneske. Det kom inn nye rytmer og melodiar og tekstane vart meir forståelege. Den utviklinga har halde fram og i dag ser vi mange døme på at det vert skriva salmar og tonar av menneske som ikkje er ein del av kyrkja. Det er ei god tendens i utviklinga for å ta vare på inspirasjonen og det folkelege.



[Med programmet Salmar til alle tider vert det lagt opp til fire salmekvelder for å koma i mål.](#)

I boka *Det musiske menneske* av Jon Roar Bjørkvold vert det understreka at den spontane barnesangen er vårt musikalske morsmål. Salmesongen i kyrkja er viktig for å fremja det mysterium som ligg i sangen. Menneske er ein tonal skapning. Særleg i spontan barnesang får ein fram noko av dette mysteriet.

Salmar til alle tider er eit stort prosjekt der ein ynskjer å syna den menneskelege musikalitet og kor viktig salmane er og har vore i vår kultur. Kyrkjekoret Nordsaang vert med. Nokre av dei 20 salmane vert framført solo av kantoren.

Tekst: Eva Megyesi/Kristian Bringedal

Foto/nett: Kristian Bringedal